



Nytt frå FjordKysten Februar 2009

*Reiseguide 2009 - FjordKysten
Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler,
Askvoll, Flora, Bremanger*

Reiseguiden for 2009 var klar til reiselivsmessa i Bergen i januar. Årets katalog er på 44 sider, og har fått svært gode tilbakemeldingar på layout og innhald. Reiseguiden 2009 er vårt hovudverktøy for marknadsføring av aktivitetar, attraksjonar, arrangement, overnattingsstadar m.m., og vert distribuert på alle turistinformasjonar i fylket, og i Bergen, samt på andre viktige innfallsportar / trafikknutepunkt som ferjer, butikkar, bensinstasjonar, Strandkai terminalen m.m. Reiseguiden vert også distribuert på fag- og publikumsmesser i Norge og i utlandet, samt sendt ut til alle turistar som spør om informasjon frå regionen. Reiseguiden er trespråkleg; norsk, engelsk, tysk. Opplaget er på 17.000. Reiseguiden 2009 gir den aller beste informasjonen om opplevingar langs FjordKysten for dine gjestar!

Reiseklar 2009,

Bergen - 16.-18.januar.

FjordKysten hadde eigen stand på den årlege publikumsmessa i Bergen, og her vart det delt ut rundt 1000 eksemplar av den nye Reiseguiden for 2009. Bergen er ein viktig nærmarknad for FjordKysten, og det er vårt inntrykk at svært mange bergensarar har eit positivt forhold til området vårt.





Båtmessa "Dra til sjøs 2009",

Bergen - 12.-15.februar.

For 12. gang stiller kysten av Sogn og Fjordane med felles stand på båtmessa "Dra til sjøs" i Bergen! Vi har svært gode erfaringar med å delta på denne messa, og i 2008 delte vi ut ca. 4000 Kystguidar (gjestehamnsguiden), i tillegg til eit stort tal Reiseguidar for FjordKysten.

ITB, Berlin - 12.-15.mars

I mars deltek FjordKysten aktivt på standen til FjordNorge på den største publikumsmessa i Tyskland, ITB. Messa er og ei fagmesse. Vi ser med stor spenning fram til å marknadsføre FjordKysten direkte i Berlin!

Norwegian Travel Workshop ,

Lofoten - 27.-29.april

FjordKysten deltek på den årlege fagmessa som Innovasjon Norge i år arrangerer i Lofoten. Dette er ei rein fagmesse, der vi treff norske og utanlandske turoperatørar. I tillegg til Reiseguiden 2009, vert det til NTW laga ein ny Produktmanual for FjordKysten, der alle medlemmer vert presentert.

Nytt felles marknadsføringsselskap for FjordKysten !

For å styrke marknadsføringa av kysten vår arbeider Sunnfjord 2020, Stiftinga Jensbua og Bremanger Hamn og Næring saman for å etablere eit felles

marknadsføringsselskap for **FjordKysten!**

Dette er heilt nødvendig for å betre kunne posisjonere kysten av Sogn og Fjordane blant dei øvrige destinasjonane i Fjord Norge, slik at vi kan ta del i den veksten som skjer i Fjord Norge generelt. Målet er styrka og meir spissa marknadsarbeid gjennom felles profil – **FjordKysten** – både nasjonalt, og gjennom landsdelselskapet Fjord Norge og Innovasjon Norge sine marknadstiltak i utlandet. Vi er no i ein fase der vi får bistand frå Ulf Prytz, primus motor i oppbygginga av reiselivet på bl.a. Svalbard og i Lofoten, til ein grundig prosess m.h.t. val av organisasjonform, vedtekter m.m. Målet er å lansere selskapet for næringa innan påske. Følg med!

FjordKysten på

www.visitnorway.com

FjordKysten er no å finne med destinasjonspresentasjon på den nasjonale reiselivsportalen www.visitnorway.com



www.fjordkysten.no

Fjord Norge går i løpet av februar over til episerver, og vil framstå i ei heilt ny og meir brukarvenleg drakt. Websidene til FjordKysten, www.fjordkysten.no vil også gå over til å nytte episerver, og byggje opp sidene under Fjord Norge sin reiseportal. Dette vil betre både brukarvenlegheita til sidene våre, og samtidig styrke distribusjonen av informasjonen frå FjordKysten.

Verdiskapingsprosjektet 2009

FjordKysten og Sognefjorden er med i eit prosjekt i regi av Fjord1 Fylkesbaatane som har fokus på sesongutviding og betre tilgjengelegheit for eit utval viktige attraksjonar og opplevingar langs FjordKysten og Sognefjorden. I tillegg til å sikre utvida opningstider på attraksjonane, så får vi også dra nytte av ein auka felles marknadsføring av FjordKysten gjennom prosjektet! For 2009 vil desse attraksjonane få utvida opningstider gjennom Verdiskapingsprosjektet frå **1.juni – 31.august:**

Øyhopping Solund, Bulandet, Værlandet: måndag – fredag. **Omvising på Gulatinget:** kvar dag. **Omvising i Kvernsteinsparken i Hyllestad:** tysdag – søndag. **Omvising i Jakob Sande-tunet:** onsdag og søndag.

Historisk

kystsafari – Skjerjehamn og Gulatinget: fredag. **Fyrsafari** i Florø 2 gongar pr veke.) Avgang til **Kinn** kl 11:35 dagleg (minus laurdag og søndag) og omvisning i Kinn kyrkje. Omvisning på **Svanøy Hovedgård og Norsk Hjortesenter** kvar dag heile veka. **Batalden Havbu** har omvisning og lett servering måndag -fredag i samband med ettermiddagsruta. **Buavandring i Kalvåg** 1 gong pr veke.



Vi jobbar for utvikling og marknadsføring av FjordKysten!

Stiftinga Jensbua

Marita Solheim Solvik

TLF: 57 73 90 20/97 78 46 18

E-post: marita@jensbua.no

Sunnfjord 2020

Wenny I.Hansen og Sonja Sötje-Andresen

TLF: 57 75 45 03/ 90 95 84 79

E-post: Sonja@sunnfjord2020.no

Bremanger Hamn og Næring

Hildegard S. Nygård

TLF: 57 79 37 50/ 48 14 04 88

E-post: Hildegard@bremanger-vekst.no